



Alver kommune v/ Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar: 3581d504-cc6b-46f1-be7a-e5f5bfc581dc	Stian Stormark	10.08.2023
Vår: 23/5980 - 23/62543	stian.stormark@alver.kommune.no	

## **Vedkomande - Områdereguleringsplan for Dalstø - Mjåtveitstø, PlanID 125620170002 - Ny intern høyring for VA**

Viser til moteke reviderte dokument for Områdereguleringsplan for Dalstø – Mjåtveitstø

Etter gjennomgang av dokumenta finn ein avvik i tekst mellom dokument 18. VAO rammeplan, revidert 04.07.2023 og dokument 49. Endringsskjema, datert 02.08.2023

Ein del av avvika gjeld utrekning av PE. Der er oppgitt forskjellige mengder med PE som er tilgjengeleg for tilføring til Galteneset RA. Det er og brukt to ulike faktorar for utrekning av PE. Ein plass står det faktor «3» og ein plass faktor «4» for utrekning av PE

Det visast og til møte der det vart avtalt at tiltakshavar skulle gå gjennom og kvalitetssikra kapasitet på eksisterande pumpestasjon i Mjåtveitmarka. Tiltakshavar har ansvar for dokumentasjon.

Før ein endeleg godkjenning av VAO – rammeplan må følgande utførast

- Kommentaranane som ligg føre angåande PE i dokument 49. Endringsskjema, datert 02.08.2023 ser grei ut men før ein endeleg kan godkjenna VAO-rammeplanen må denne oppdaterast etter kommentaranane i endringsskjema slik at dokumentet VAO-rammeplan er rett.
- Det må inn i VAO-rammeplanen ein vurdering av eksisterande pumpestasjon «punkt Ø i vedlegg til VAO-rammeplan» og dessutan ein skildring av ein eventuell løysing dersom denne ikkje har kapasitet til og ta i mot avløp frå områdeplanen.
- Dimensjonar på eksisterande avlaupsrør frå Mjåtveitmarka og ned mot Galteneset RA må vurderast om desse har kapasitet for å ta i mot avlaup frå området. Viser til vedlagd e-post frå Haugen VVA der dei avkreftar at dei har utført ein vurdering av leidningsnett ned mot Galteneset slik som det står beskriva at dei har utført og godkjend i Endringsskjema. Under punkt 3.4.4
- Når ein no får stadfesta at dimensjonar på eksisterande avløpspumpestasjon og avløpsnett mot Galteneset ikkje er vurdert om desse har tilstrekkeleg kapasitet kan ein då og stilla spørsmål til om dimensjon på eksisterande avløpsrør mellom punkt D2 og Ø på Vedlegg til VAO-rammeplan er

vurdert og funne OK for og ta i mot avløp frå området. Dette må komma fram i VAO-rammeplan at dimensjon her er OK eller ein plan for og oppdimensjonere denne dersom det vert behov.

Som skreve i tidlegare høyring må dimensjonar på eksisterande avløps røyr frå Mjåtveitmarka og ned mot Galtneet RA vurderast om desse har kapasitet for og ta i mot avløp frå området. Ved ein framtidig tilføring med maksimal spillvassmengde mot galtneet på 23,4l/s slik det er beskrevet i VAO Rammeplan må ein dokumentere at 160mm PVC i Mjåtveitmarka og røyr fram til Galtneet RA kan ta i mot dette.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Stian Stormark  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

SV Mjåtveitstø-Dalstø

**Mottakarar:**

Alver kommune v/ Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG